

SEIM BARNEHAGE 2025-2026

Praktiske opplysninger og informasjon barnehagen:

Kven er vi?

Seim barnehagen SA er ein privat, foreldredriven andelsbarnehage. Den tredde i kraft august 08, og er ei samanslåing av tidlegare Seim korttidsbarnehage og Sprøklund familiebarnehage.



Januar 2011 flytta vi inn i heilt ny barnehage. Den ligg sentralt og flott til med både skog og sjø like i nærleiken.

Barnehageåret 25/26 har vi 2 avdelingar for barn i alderen 1-3 år og 2 avdeling for barn i alderen 3-5 år.

Bemanning:

Grunnbemanning på liten avd er 1 pedagog pr 7 barn og 1 vaksen pr 3 heile barnehageplassar. På stor avdeling er bemanning 1 pedagog pr 14 barn og 1 vaksen pr 6 heile plassar. Barnehagen har også 180 % stillingar i administrasjonen, fordelt på 2 personar. Barnehagen har også spesialpedagog som kjem nokon dagar og jobbar med einskildbarn og ekstra assistent knytt mot barn med særskilde behov.

Opningstid:

Barnehagen er open
frå kl 07.00 – 16.30
måndag - fredag



Redusert opning/ stengt:

Jul- og nyttårsafta er barnehagen stengt.

Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen
kl 12.00

Seim barnehage SA har 5 planleggingsdagar i året. Barnehagen er då stengt.

Når barnet har starta i barnehagen, er det viktig at det kjem regelmessig. Dette for at det skal verte kjend med dei andre barna og føle seg som ein del av gruppa. Barna kan gjerne ta seg fri ein gong i blant, men foreldra må då hugse å melde dette inn i ebarnehage.

SEIM BARNEHAGE 2025-2026

Praktiske opplysningar og informasjon barnehagen:

Bringing og henting:

Kjernetida i barnehagen er frå 09.30-14.30 kvar dag. I denne tidsperioden vert aktivitetar, turar o.a. lagt, og vi ynskjer som ein hovudregel at barna skal vere i barnehagen i denne tidsperioden.

Kjem ditt barn i barnehagen etter kl 09.30, vert henta før 14.30 eller vert heime av ulike årsaker, blir vi glad om du gjev beskjed om dette så tidleg som mogeleg og **seinast kl 09.00 same dag i ebarnehage**. Då unngår vi at de kjem til ei tom avdeling fordi vi t.d. er gått på tur.

Barnet blir møtt av ein blid og hyggeleg vaksen når det kjem inn på avdelinga om morgonen.

Er det nokon foreldre som har særskilde ynskjer/behov i høve bringe/hentesituasjonen, ta kontakt med pedagogisk leiar på avdelinga.

Det er viktig at alle foreldre tek seg ein tur inn i innergarderoben kvar dag. Sjekk om det heng ein beskjed-lapp på barnet sin hylleplass, om det er våte kle som må takast heim for vask el.l.

Går de inn i barnehagen med sko på, ver vennleg å bruk blå skoovertrekk på våte dagar (heng like innanfor inngangsdøra). Då held vi innergangen rein.

NB! De må alltid vere sikre på at personalet veit at barnet er henta. Personalet skal ha beskjed dersom andre enn den som har den daglege omsorga for barnet skal hente det.

SEIM BARNEHAGE 2025-2026

Praktiske opplysninger og informasjon barnehagen:

Mat:

Frukost:

Dei som skal ete frukost i barnehagen, må ta med eigen matpakke til det. Elles serverer barnehagen alle andre måltid

Tidspkt for frukost vert opplyst av den einskilde avdeling.

Lunsj: ca kl 10.30/11.00

Barnehagen serverer smørjelunsj kvar dag i bhg. Vi dekker på med fat/kopp/kniv og brød/knekkebrød og pålegg og kosar oss i lag v/bordet

Barna får mjølk eller vatn til måltida.

Varmlunsj o.l:

1 dag i veka lagar kvar avd enkel varmlunsj i staden for smørjemåltid.

Frukt: ca kl 13.30/14.00

Vi serverer variert frukt kvar dag og dei får tilbod om brød/knekkebrød med smør eller tubepålegg etterpå.

Barnehagen legg vekt på eit sunt og godt kosthald!

Kle og sko:

Alle kle og sko skal vere merka med barnet sitt namn.

Husk også å merk t.d. smokk, koseklut, vogn, myggnetting, regntrekk, dyne/teppe om barnet har med det.

Barnet må alltid ha ekstra klesskift frå inst til ytst liggjande i barnehagen. Regntøy, regnvottar og støvlar må alltid vere i barnehagen.

Kle barnet ditt slik at det kan leike og vere i aktivitet både inne og ute. Det er viktig at barnet har klede som toler å bli skitna til, og er gode å ha på.



SEIM BARNEHAGE 2025-2026

Praktiske opplysninger og informasjon barnehagen:

Barnet må ha sandalar eller tøflar til bruk inne. Regn og snø kan gjere golvet i garderobane våte. Vi har også jamlege brannøvingar, og tøflar på føtene er greitt når vi skal evakuere ut.

Sjekk kvar helg når du tek ytterklea med heim for vaske, at dress/regnbukse har strikk til å ha under skoa. Det er viktig for at barnet skal halde seg tørr i uteleik. Det heng strikk i kvar garderobe for kjøp for dei som treng det.

Våte/skitne klede vert lagt i posar og hengt på barnet sin garderobeplass. Ta med skitne klede heim til vask. Sjå også i tørkeskapet om det er våte kle/vottar som bør takast heim eller leggst på plass i hylla att, klar til bruk neste dag.

Kvar fredag oppmodar vi foreldra til å ta heim regnkledde og utedressar og vaske desse.

Det er foreldra sitt ansvar å halde orden på garderobeplassen til barnet. Det er viktig at det er ryddig og at kle barna treng for dagen, ligg klar til bruk i hylla. Då får dei tilsette tid til å fokusere på sjøve påkledninga, og støtte og rettleie ungane i meistring av denne oppgåva.

Tørkeskapa skal kun nyttast til tørking av vottar, luer o.l. gjennom dagen. Våte dressar og regnkle må takast heim for vask/tørk på ettermiddagen. Tørkeskapa vert uansett slått av når bhg stengjer, så våte kle tørkar ikkje der i løpet av natta.

Turar:

Barna vert tatt med på kortare og lengre turar. Korte turar vil ein ta utan førehandsvarsel, men ved lengre turar får foreldra melding på førehand.

Alle foreldre må fylle ut erklæringsskjema, der vi m.a. ber om lov til å ta barna med i privatbil og/eller off. transportmiddel, etter gjeldande sikkerheitsreglar.



SEIM BARNEHAGE 2025-2026

Praktiske opplysninger og informasjon barnehagen:

Sjukdom:

I utg.pkt er det alltid barnet sin allmenntilstand som avgjør om det kan gå i barnehagen eller bør være heime.

I tillegg kjem spørsmålet om barnet bør være heime for å unngå smittespreiing til andre.

Barnehagen ber om at foreldra føl utarbeidde retningslinjer v/barns sjukdom. **Merk særskilt at barnet skal haldast heime 48 t etter sist oppkast eller diarè.**

Er de i tvil - ta kontakt med barnehagen. Då kan vi diskutere det og kome fram til ei avgjersle i lag.

Barna som kjem i barnehagen, skal generelt vere utkvilde og friske når dei kjem i barnehagen, og kunne vere i leik både inne og ute




Bursdagsfeiring:

Når eit barn har bursdag, feirar vi det i barnehagen. Avd ordnar med nokon godt til lunsj el smoothie så foreldra treng ikkje ta med noko heiman ifrå. Vi prøver å fremje eit sunt kosthald også her.

Det kan vere noko skilnad frå avd til avd på korleis bursdagsfeiringa vert markert. Men alle barna får si eiga bursdagskrone og bursdagsbarnet få vere ekstra i fokus denne dagen☺

Når de skal invitere barn til privat bursdagsfeiring, kan dette enkelt gjerast via ebarnehage om de ikkje har mobilnr til aktuelle foreldre.



Ferie:

I fylgje barnehagen sine vedtekter, skal alle barn ha minst 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. 3 veker skal vere samanhengande i perioden skuleslutt til nytt barnehageår starte.

NB! Den siste (4.) ferieveka kan takast ut som einskilddagar eller samla når som helst i barnehageåret når barnehagen er open 9,5 t dg. Denne ferieveka skal varslast 4 veker på førehand i «ebarnehage» når feriedagane skal leggst til skulen sin haustferie, juleferie, vinterferie, påskeferie eller sommarferie. Skil desse dagane/veka leggst på andre tidspunkt enn dette, skal dei varslast seinast 2 veker på førehand i ebhg.

SEIM BARNEHAGE 2025-2026

Praktiske opplysningar og informasjon barnehagen:

Dersom barn skal ha 3 veker samanhengande fri i dei 4 vekene før skuleferien startar eller i dei 4 vekene etter at nytt bhg.år har starta, kan dei søkje om å avvikle dei 3 vekene i hovudferieperioden enkeltvis (ikkje samanhengande). Fell deler av ferien innanfor fastsett ferieperiode og delar av den utanfor, må dei vekene som ligg utanfor perioden, avviklast på nytt innanfor perioden, men kan søkjast om å avviklast enkeltvis.

Før haustferie, juleferie, vinterferie og påskeferie, sender barnehagen ut informasjon om frist for når foreldra må registrere evt ferie i ebarnehage for barnet og frist for evt 4.ferievekeregistrering.

I høve registrering av barnet sin sommarferie, er fristen for den 01.april i ebarnehage. Barnehagen sender ut nærare info om dette i byrjinga av mars.

Ein får ikkje avvikle feriedagar på heilagdagar eller dagar barnehagen er stengt, t.d. planleggingsdagar. Ein får heller ikkje avvikle feriedag på onsdg før påske, som berre er ein ½ dg.

Betaling:

De får faktura tilsendt på epost med avtale om efaktura dersom de vil opprette dette. Dei som ikkje benyttar efaktura, blir belasta med eit adm.gebyr på kr 50,- kvar mnd. Betalingsfrist er den 12. i kvar månad. Juli er betalingsfri månad, under føresetnad av at 4 veker ferie vert teke ut før barnehageåret er slutt, eller det vert gjort avtale om når den 4.ferieveka skal takast ut. Sjå elles meir info om betaling i Seim barnehage sine vedtekter.

Foreldresamarbeid:

Barnehagen har både eit formelt og eit uformelt foreldresamarbeid. Det formelle er omtala i barnehagelova.

Det uformelle samarbeidet er meir opp til den einskilde barnehage og for Seim barnehage består dette av:

- dagleg kontakt v/henting & bringing
- foreldresamtalar (ca 2 gonger pr. år),
- foreldremøte (2 gonger pr år),
- samankomstar i barnehagen
- dugnad,
- sommarfest.

Personalet i barnehagen ynskjer ein open og god dialog om barna og deira behov, og vi tek i mot både «ris og ros» frå foreldra

SEIM BARNEHAGE 2025-2026

Praktiske opplysninger og informasjon barnehagen:

Hugs : Personalet i barnehagen har teieplikt!

Adresse: SEIM BARNEHAGE SA, FUGLEVIKVEGEN 21, 5912 SEIM

Telefonnummer til barnehagen:

* Styrar Janka	: 95 18 70 94
* Adm Linda	: 95 12 90 05
* Alvane	: 90 40 07 62
* Vettene	: 95 89 80 89
* Hugin	: 47 68 29 20
* Hugin turtlf	: 47 71 49 40
* Munin	: 90 40 04 28
* Munin turtlf	: 91 90 77 19



Anbefaler at du lagrar di avdeling sitt tlf.nr på mobilen din – kjekt å ha!

Vi slit av og til med dårlege dekningsforhold. Får du ikkje svar på avdelinga sitt nummer, så berre ring på ein av dei andre telefonnr.

Beskjedar til avdelinga sender du best via ebarnehage. Ei «vanleg» tekstmelding til avd.telefonen er også greitt.

Er det noko som hastar, bør du ringje.

Epostadr. styrar: styrar@seimbarnehage.no

Nytt gjerne epost dersom de har spørsmål eller tilbakemeldingar. Men ikkje bruk desse til beskjedar og spørsmål de ynskjer raskt svar på.

SEIM BARNEHAGE 2025-2026

Praktiske opplysninger og informasjon barnehagen:

Barnehagen nyttar «eBarnehage»:

(Ikkje ein app, men ei nettside: <https://ebarnehage.no>)

Den kan brukast både på mobiltelefon og nettbrett, og ein kan leggje ein snarveg til denne sida inn på mobilen sin, slik at der er raskt å logge seg inn.

Det er eit kommunikasjonsverktøy mellom heim og barnehage.

For å bli brukar der, treng de som foreldre å få tilsendt passord frå administrasjonen i bhg.

På ebarnehage legg avdelingane ut bilde frå kvardagen.

De kan enkelt gje beskjed dersom barnet er blitt sjuk eller melde inn anna fråvær som fridagar og ferie.

De kan sende internmeldingar, lese vekeplanar, motta dokument frå avdelinga (månadplan, månadsbrev o.l.) eller administrasjonen.

Avdelingane nyttar ebarnehage som eit oversiktsystem, der dei loggar barna inn når dei kjem og loggar dei ut att når dei er henta for dagen.

På ebarnehage finn også foreldra kopi av barnehagefakturaen kvar mnd.

Barnehagen har også heimeside: www.seim.barnehage.no

Denne blir i hovudsak nytta får å gje utanforståande litt info om barnehagen, t.d. nye søkjarar til barnehageplass.

Velkommen til oss!